

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Ulstein,

Emne: Død og begravelse.

Bygdelag: Ulsteinvikgrenda,

Oppskr. av: Hans B. Osnes, f. 19/6  
1872.Gard: Osnes, Ulsteinvik, Hofset  
Holsøker og Saunes.

(adresse): Ulsteinvik.

G.nr. 7 til Br.nr.  
19.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det meste sjølopplevd

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## Dødsvarslar:

1. I mi ungdomstid hørde eg oftaa folk sa, naar dei saag ein fugl, t.d. ei kraake eller helst ei ugle, dag etter dag sat antan paa eit hustak eller i eit tre eller paa andre stadar det var lett aa kontrollere: Tru kven som er feig no?  
Her hadde dei "storebaatar - Otringar - som dei dreiv vinterfiskje med, og disse baatane laag nedfor landa, med mastrene oppe. Hende det daa at ein fugl, helst ei kraake eller ein annan ugagnsfugl hadde sett seg paa ein av nastetoppene, saa hørde ein jamnt: Tru om ikkje nokon er feig derombord? d.v.s. av det baatlaget som var med paa baaten den vinteren.  
Elles kunne det vel vere andre ting ogsaa som var sett paa som "fegdabod", men eg kan ikkje minnes andre høver det vart snakka om "fegd" enn det som ovanfor er nemnt.
2. Det kan vel vere at folk gjenom aaret ogsaa hadde andre fegdamerkjer, men i mi barne- og ungdomstid, i 1870 og 80aara hadde det her i bygdene vore mange og tildels djupt om seg gripande religiøse vekkjingar og det er tenkjeleg at om det daa var folk som trudde paa slikt, at disse daa for meir stillt med det eller at folk til vanleg ikkje lenger trudde noko paa "varslar".
3. Nei, det har eg ikkje høyrte noko om her i bygda.
4. Her i bygda har ikkje slike vore kjende, saavitt som eg har greie paa det.
5. Nei, om slike dyr eller slikt avaat har eg ikkje høyrte.
6. Eg hørde titt mor sa, naar me ungane aat meir enn ho meinte me trongde: "Vil du no ha meir? Eg trur "helhungeren har føre i deg". Dette kan tyde paa at det har vore noko dei i hennar heimbygd, Nesset i Hareid, har trutt paa i eldre tider, at folk som skulle døy om ikkje lenge hadde ei sterkare matlyst enn vanleg, utan at eg kan minnes anna enn at mor brukte uttrykket utta, aa bruke det anna enn som "munnheld". Men det skulle tyde paa at det eingong har hatt samband med dødsfall paa ein eller annan maate. Dei andre nemnde uttrykka har eg ikkje høyrte nemnde.
7. Nei eg har aldri høyrte at ein burde ligge i ei viss seng eller paa ein viss stad i huset, naar ein skulle døy.



8. Eg har heller ikkje høyrte noko om at dødsromet maatte ordnast paa ein serleg maate, eller at visse ting maatte verte flytte.
9. Nok slikt som er nemnt for aa lette dødskampen eller gjere han vanskelegare har eg ikkje høyrte om.
10. Det var vanleg at det vart sennt bod etter presten, om der var tid til det.
11. Naar presten kom, saa hadde dei flitt den sjuke godt til; hadde hatt paa han ei rein, oftast kvit, sjorte, hadde butt det romet den døde laag i godt til, sett eit lite bord framfor senga, med eit par ljosestakar med kjerteljos i, gjerne strøtt eine paa golvet osv. Naar saa presten kom, snakka han gjerne noko med husetsfolk, fekk greie paa eit og anna vedkomande den sjuke klædde seg i prestedrakt og med natverdselementa. Ein av husfolket, gjerne husbonden eller husmora etter som det høvde, fylgde han inn, og gjekk saa ut att, saa presten fekk vere aaleine med den sjuke, "bereide han" som dei sa. Naar saa presten var ferdig med dette, varsla han husets folk at dei kunne kome inn. Dei hadde laga seg til, skift paa seg helgaklæder og elles stilt seg og gjekk inn. Ville nokon ha nadværen av disse, sette dei seg att med senga. Presten tala saa, heldt nadverdståle, som dei sa, og saa gjekk sjølve nadverdstitdelinga fram paa vanleg maate, og etterpaa kom saa den vanlege bønna m.m. etterpaa.
- Slik gjekk det føre seg, om den sjuke tolde det, og daa vart det ogsaa sunge eit vers baade før og etter den heilage handlinga. Var derimot den sjuke mykje daarleg, stytta presten handlinga av der det let seg gjere.
12. Naar husets folk saag at det leid paa med den sjuke, vart vart det sennt bod paa slekt eller vener aat den sjuke, eller den sjuke bad om aa faa snakke med ein eller annan. Det vart alltid sennt bod etter bønna aat den sjuke, om han hadde fraaverande bonn.
13. Det var oftaa at den sjuke, om det var ein far eller ei mor, ordna med korleis det skulle gjerast, bad om at den eller den maatte verte bedde med i gravølet og liknande. Var det ungdom eller born, fekk sjølsagt foreldra stelle med gravferda og det som høydre saman med ho som dei ville.

Tida millom dødsfallet og gravferda.

14. Det var ymse uttrykk som vart brukte for aa seie at nokon var død. Det vart sagt: "Han er død no, han Ola," eller: "Han er sloppen no, han Ola," men oftast vart det brukt ordet "død" paa ein eller maate.
15. Oftast ved aa halde ein spegel framfor munn og nase. Det kunne vel verte brukt andre maatar ogsaa, men den nemnde maaten var den vissast, om ein ikkje paa andre maatar var sikker paa at den sjuke var død.
16. Det vart nokk fortalt om skindøde, men det rare var at dei det vart fortalt om alltid var langt vekk fraa, saa det var nok helst berre segner som gjekk fraa bygd til bygd. Her i bygda visste dei ikkje om nokon skindød.
17. Naar ein skjona at den sjuke var død, let ein att augo paa den døde og batt eit klæde rundt hovudet for aa halde haka oppe og munnen att.



18. Som nemnt under 17 var det skikk aa knyte eit tørkle eller liknande rundt hovudet for aa halde munnen ihop, eller aa ei salmebok under haka som gjorde same tene-  
sta.
19. Det har ikkje vore skikk her aa varsle nokon av nabo-  
ane om dødsfallet straks, men nære slektningar vart  
som regel varsla, saa dei kom og det vart raadlegging  
om dag for gravferda og korleis det daa skulle ordnast  
og ymse anna som maatte ordnast.
20. Saavitt eg veit var det ikkje nokon viss person som  
vart brukt til aa gaa med slik førebels bod. Naar det  
vart sennt bod og innbjuding til gravferd, var det  
jammast ein av husfolket som gjorde det, oftast hus-  
bonden, om det ikkje var han som skulle gravleggast,  
I det høvet at det galt husbonden sjølv, var det of-  
tast ein av dei næraste slektningane som gjorde det,  
vaksen son eller bror eller svoger o.l.
21. Nei slikt har eg ikkje høyrte noko om og vart visst ik-  
kje brukt her.
22. Det kunne vere saa ymse, vanleg var det slik at liket  
vart liggande i senga over natta.
23. Naar liket vart flytt or senga, vart det oftast "lagt  
fram" som dei sa, d.v.s. dei laga til som ein benk av  
høveleg lange fjøler, la eit lakan over og la saa den  
døde der, breidde eit lakan over han, retta til haar  
og skjegg, la hovudet i rett stilling og likeeins hend-  
hendene, om dei ikkje før var lagde i rett stilling.
24. Sjaa under 23.
25. Eg veit ikkje av at det var lagt halm paa den brisken  
som liket vart lagd paa. Men det vart oftaa sagt at  
den eller den "laag paa likstraa," saa det maa ha vore  
skikk lenger att i tidå aa ha halm under liket, naar  
"det laag framme!"
26. Nei det kan ikkje ha vore halmen i senga dei har meint  
naar dei sa "han ligg paa likstraa." Det maa ha vore  
naar vedkomande laag framme paa dei omtala fjølene,  
dit liket maatte verte lagd før det stivna til.
27. Eg kan godt minnes at det var skikk aa brenne den  
halmen som var i senga og som den døde hadde lege paa  
under sjukdomen. Det vart gjort straks etter at den  
døde vart "lagd fram." Eg minnes at daa dei sist i  
fyrre hundradaaret saag at noko vart brennt ved hei-  
men der dei visste at det laag ein dødssjuk oftaa sa:  
"Ja no er visst han Ola Haugen død, for eg ser det  
vert brennt der i dag," saa den tid var det enndaa  
skikk. Korlenge veit eg ikkje dette var skikk, men  
tråleg ratt til tett før fyrste Verdskrig. Daa vart  
det meir skikk aa bruke madrasser, og den sjuke vart  
daa oftast lagd i seng der det var madrass i, daa  
disse var betre aa ligge paa enn halm som før var  
brukt.
28. Nei eg veit ikkje om at andre ting vart brende etter  
den døde enn halmen.
29. Korleis det vart gjort med den halm som tente som  
"likstraa," medan liket laag paa den nemnde brisk  
veit eg ikkje.



30. Det kom nok an paa dei ymse tilhøver. Vanleg vart liket steltt, naar det var kolna og før dødsstiving tok til.
31. Vanlegvis var det dei næraste slektningane som stelte liket. Saavitt eg har høyrte var det her ikkje nokon sers som gjorde det.
32. Saavitt eg har faatt greie paa det vart den døde klædt i underklæder: sjorte, underbukse og hoser.
33. Haaret vart vanlegvis steltt, naar dei "la liket fram". Det vart vel ogsaa steltt noko, naar ansikt og hender vart vaska.
34. Menn vart barberte til vanleg, *om dei hadde vore barberte i live.*
35. Eg har ikkje høyrte noko om at ogsaa neglene vart stelte.
36. Liket vart vaska i anletet og paa hendene. Eg har ikkje høyrte at heile lekamen vart vaska.
37. Eg har ikkje høyrte noko om at "likvatnet" vart brukt til noko serskildt. Men for det kan det vel noko att i tida ha vore skikk aa bruke dette vatnet til eitt eller anna som dei trudde det skulle vere godt for.

Likklær.

38. Naar dei klædde eit lik og budde det til, sa dei oftast at dei "sveipte liket".
39. Likklærne vart oftast nemnde paa namn: Liksjorte, liklakan. Noko samnamn for alle likklærne har eg ikkje hørt.
40. Dei brukte aa seie: liklakan. Storleiken var visst som paa eit vanleg lakan. Det vart lagt over kista før liket vart lagt i kista, saa det laag ogsaa under liket og paalag like stort paa baade sider aat liket. Naar saa liket skulle sveipast for siste gang, brette dei fyrst den eine sida over liket og saa den andre etter aa ha lagt "sveiteduken" over anletet. Det vart daa ein god del av lakenet som rakk opp om hovudet. Dette vart saa bretta ned att, saa det laag over hovudet og nedetter saa langt som det rakk. Likeeins med den del av lakenet som rakk ned om kista ved fotenden, og saa vart kisteloket lagt paa.
41. Det kan nok ha vore brukt aa bruke brudelakenet til liklakan, men det maa daa helst ha vore til yngre koner. Eg veit ikkje om at det har vore vanleg aa gøyme paa brudelakanet til slikt bruk.
42. Som nemnt under 32 vart oftast liket klædt i underklærne. Eg har ikkje hørt at liket var klædt ogsaa i ytterklærne. Det kunne hende, naar den døde var omkomen t.d. paa sjøen, og liket vart attfunne i sterkt oppløyst stand. Daa la dei den døde i kista sveipt i lakan slik som han var attfunnen.
43. Det kan vere at t.d. brudgomssjorta hadde vorte liggande og saa vart brukt til liksjorte og det same med brudelinet, men vanleg var det ikkje. Eldre folk hadde oftast liksjorte liggande ferdig, baade mann og kone.
44. I eldre tid, daa dei dyrka lin her eller i grannebygdene, der dei oftaa fekk kjøpt lin og dei spann og vov lenty, kunne det nok vere at likklæda skulle vere av lin. Men eg har i mi tid ikkje høyrte at slikt vart kravt. Likklæda av kvitt bommuldsty var det vanlege.



45. Eg har ikkje hørt noko om at føterne skulle vere synlege.
46. Eg har ikkje hørt noko om at liket skulle ha sko paa seg, men det vanlege var at hoser vart dregne paa liket.
47. Eldre menn hadde i mi barndoms- og ungdomstid gjerne huve paa seg, og daa oftast saakalla "raudhuve" slike som daa var brukte. Dei gjekk gjerne ogsaa i slike til kyrkje, og det var "kyrkjehuva" som i slike høver vart hatt paa liket.  
Kvinner kunne ogsaa av og til ha noko paa hovudet, men det var ikkje vanleg.
48. Noko sers forskjell paa prydnaden for eldre eller unge var det visst sjeldan. Eg saag at det hjaa unge gjerne vart stukke ein blomstr millom fingrane, serleg paa born eller yngre. Det kunne ogsaa vere lagde nokre grønne blad eller smaa greiner hist og her rundt den døde, serleg rundt hovudet. Elles var det inga forskjell paa likklæda for gamle og unge.
49. Eg har ikkje hørt at barselkvinner hadde serskildte likklæder.
50. Blonder saag eg ikkje brukt til pynt ~~ved~~ av liket, eller til pynt av likklæderne.
51. No kjøper alle ferdige likklæder.
52. Dei ferdige likklæder er av eit stoff som ser ut som ty, men ~~er~~ visst av eit slags papir. I den fyrste Heimskrigen, daa det var vanskeleg om tyvarer, vart det vanleg aa bruke likklær av papir, klæder som ogsaa saag ut som papir.  
No vert likkister kjøpte i byen. Naar dei kjem, er ogsaa likklæder med i kista og i kista er ogsaa lagt spon til underlag, saa alt er ferdig til aa klæ den døde og legge vedkomande i kista.
53. Likklæda vert alltid her kalla for "svøyp".
54. Eg har ikkje hørt at det skulle hjelpe t.d. ved sjukdom aa røre ved lik eller ved likklæder.
55. Heller ikkje har eg hørt at det paa nokon maate kunne vere faarleg aa røre ved lik eller ved likklæder. Noko anna var, om den døde var død av smittsam sjukdom. Daa var mest alle redde aa kome nær liket, og daa maatte det brukast stor varsemnd.
56. Eg har ikkje hørt noko om at dei her i bygda brukte aa bere t.d. born rundt kista eller paa annan maate prøve aa faa hjelp for ei eller onnor sykje.
57. Daa det her ikkje var vanleg aa legge mynter paa øuga, saa vart slike, om det i eldre tider kunne vere brukt, ikkje tiltrudd nokor hjelp.
58. I eldre tider var det vanleg aa ha likkiste staaande ferdig aat eldre folk, eller i allfall var det vanleg aa ha likkisteborda liggande ferdig. Daa her ikkje var skog, saa ein kunne faa tak i høvelege likkistebord ved ei bygdesag, maatte ein i tide styre for aa ha høvelege bord liggande, og oftaa vart saa kister arbeidde i god tid. Disse og likeeins borda vart sette opp paa naustbetene eller paa lødebetane, til dei skulle brukast.



59. I eldre tider vart det nok brukt trenaglar til likkista, sia det syner seg at det til all husebygging vart brukt trenaglar her til aa feste golv, bordklødning o.l.med. Det kan ein enno sjaa paa eldre hus, bygde før 1850, og ein maa ogsaa daa rekne med at det til baade likkister og andre ting som skulle festast ihop vart brukt trenaglar. Men fraa 1870 og utetter vart det, saavitt eg veit, brukt spikar.
60. I likkista var det sett stropper, gjerne 3 paa kvar side paa vaksne likkister. Stroppene var her i bygda av hampetog. Det kom gjerne av at dei her dreiv fiskeri og hadde hampetog i kvar manns heim av fiskegarn eller andre fiskereidskap som hadde vorte utrangesert.
61. Oftaa gjekk grannane saman og laga kista, om ikkje den døde eller hans folk før hadde sytt for aa ha kiste ferdig. I slike høver hjelptest dei aat grannane. Der var alltid nokon av dei som var meir snikkarkunnig enn andre og som kunne staa føre sjølve ihopsettinga av kista. Dei andre hjelpte til med aa hyvle fjølene, halde i dei ymse deler, naar fjølene skulle setjast ihop osv. Men eg trur at dette at grannar kom saman saaleis var gamal skikk, og at dei synte den døde vyrdnad ved det, serleg om det var husbonden paa garden eller husmora som var døde. Det var eit vitnemaal om godt grannskap dei synte paa den maaten.
62. Kista vart støtt svartmaala i eldre tid like til i tida kring den fyrste heimskrigen. Daa tok sume til aa faa likkister heim fraa byen, og dei var kvitmaala. Etter nemnde tid vart det meir og meir skikk aa faa kistene heim fraa byen.  
Svartmaalinga vart oftast laga av kjønørk som vart utrørt i t.d. surmjølk eller anna veske, sjeldan i linolje, og difor "smitta" malinga oftaa ogsaa, saa ein vart seg for aa kome borti maalinga og faa maaling paa seg.
63. Som nemnt i svaret frammanfor, saa tok dei her til aa faa heim kvitmaala kiste fraa byen i den førre heimskrigen, og disse var alltid kvitmaala.
64. Eg har ikkje høyrte om at der har vore skore hol eller opning i kisteloket.
65. I eldre tid nytta dei halm til underlag, men sia dei tok til aa faa kistene fraa byen, saa vart der medsennt spon, saa alt var ferdig til aa legge den døde i kista.
66. No vert det tinga baade pute, lakan og likklør elles saman med kista, saa dette ligg i kista, naar ho kjem fraa byen. Før daa dei ordna alt heime, vart nok som oftast puta fyllt med eitt eller anna mjukt slag, t.d. agner av havrehalm eller liknande. Humle vart ikkje avla her.
67. Som før nemnt vert no kista og alt liktyet kjøpt ferdig fraa forretningar i byen som handlar med slikt, og kistene er alltid kvitmaala.
68. Eg har ikkje høyrte om at det vart lagt noko ekstra med i kista. Om saa kunne vere, saa maa det ha vore brukt langt att i tida.
69. Eg har ikkje høyrte om at barselkoner skulle ha med seg noko sers i kista, korkje barnety eller anna.
70. I mi barndoms- og ungdomstid vart ikkje kistene pynta



noko serleg. Det kunne hende at det vart bunden ein melberkrans og lagt paa kista. Det vart gjort av dei i heimen som vara den døde til. Likeeins kunne det vere at det paa den flate lokfjøla øvst paa kista vart skore ein kross ned i fjøla etter at kista var svartmaala, og denne krøssen var mykje synleg der han synte seg trekvit fraa den svarte fjøla elles.

71. Det vart ikkje strøtt linfrø eller anna slags frø rundt lista. Men det var vanleg aa strø einerasp paa golvet der kista vart sett, naar avferdshøgtida skulle vere. Likeeins vart det fraa utdøra og ein mole bort etter den vegen likferda skulle gaa med den døde ogsaa strøtt einerasp.
72. Det kan vel vere at det vart lagt ei eller onnor plante eller anna paa liket for aa halde insekter borte, men eg har ikkje høyrte noko om det.
73. Eg har ikkje høyrte noko om at det vart gjort noko sers med liket for aa syte for at den døde ikkje gjekk att.
74. Det har vore vanleg at slekt og grannar kom saman, naar den døde vart lagd i kista. Var der daa tilstades nokon som brukte aa snakke nokre Gudsord, gjerne læraren om han var tilstades eller ein annan, saa vart det gjort. Elles vart det brukt aa syngje ein salme før dei la den døde i kista, og ein etter at han var komen i kista og var budd saaleis til som han skulle ligge der. Liklakaet vart saa breidt over liket, men ikkje loket lagt paa, for det kunne vere einkvan som ville sjaa den døde før gravølet vart halde, og det var snertnast saa.
75. Det har før vore vanleg at det etter at vedkomande var lagd i kista var bevertning etterpaa. I mi tid har det daa vore beverta med kaffi og brødsiver og anna mat som hōvde saman med kaffien. Men før var det gjerne ogsaa skjenkt ein dram eller to, og attaat maten var det daa gjerne øl.
76. Før gardane vart utskifte i siste holva av siste hundrad-aaret, daa bustadhusa var smaa og der var lite rom, vart oftast likkista sett paa laaven etter at den døde var lagd i. Men sidan det vart utskift og utflytt og større hus vart bygde paa dei nye dustadane, var der i dei nye husa meir og fleire rom. Daa vart kista sett antan i eit kammers (langkammers) eller i littlestova.
77. I det romet der likkista stod vart det oftast hengt eit kvitt lakan for glaset. Truleg vart det paa ein eller annan maate elles ogsaa stilt slik dei tykte det hōvde til det alvor som fylgde med, utan at eg har vorte var at der var nokon viss regel som skulle brukast. Eine vart oftast strødd paa golver der lik stod, daa den sterke lukta av einen døyvde liklukta, serleg om sommaren.
78. Eg har ikkje høyrte om at der vart gjort noko sers pynting av uthus som liket kunne vere sett i før gravlegginga. Sjølv sagt vart der noko tilfling, som det kunne hōve, men eg har ikkje høyrte om at der kunne vere noko tilfling som var aalment brukt.
79. Barsal eller barhytter har det ikkje vore brukt her, daa her ikkje er skog.



80. Sjaa svaret paa 79.
81. Eg har ikkje haurt om at der vart strødd millom det hus liket stod i og bustadhuset. Men paa likferdsdagen vart og vert det strødd eine fraa stovedøra og bort etter vegen den døde skal berast eller køyrast, naar han vert boren fraa huset.
82. Den døde vart alltid boren med føtene fremst, og inne i det romet der likferdshøgtida skulle gaa føre seg, der vert alltid ~~fikkista~~ ~~shutt~~ slik at føtene snur mot døra.
83. Før vart ikkje loket lagt paa, før ein var ferdig med avferdshøgtida. Under den vart ansiktet til den døde avdekt og vart saa liggande, til ein var ferdig til aa bere liket ut. Daa vart liket tildekt som før fortalt og loket lagt paa. Før vart loket spikra fast før dei sang siste salma før dei bar liket ut.
84. Ansiktsduken var kalla "Sveiteduken" og var før eit vanleg kvitt firkanta tørklæde. No fyl han dei andre likklæda fraa byen og er krota til paa ymse vis, tigga i kantane og med stafferingar langs kantane osv.
85. Som nemnt vart ansiktsduken her vanleg kalla "sveiteduk".
86. Det var vanleg at kjenninga og andre som hadde hug aa sjaa den døde, men som ikkje vart med i likferda kom og saag liket medan det laag i kista og før gravferdsdagen.
87. Her i heradet har me ikkje gravkapell. Før var det skikk at alle gravferder vart gjort fraa seg i heimen, saa paa gravferdsdagen har det vore aa fare like paa kyrkjegarden og setje den døde i grava.  
No vert det meir og meir skikk aa ha ei lika andaktsstund gravferdsdagen heime i sørjehuset, der dei næraste slektningar og grannar samlast, og saa vert den døde hatt til kyrkja, der saa gravferdshøgtida gaar føre seg med taler og kransepaalegging, og der presten er med, eller her i krinsen kan dette gaa føre seg paa Bedehuset. I utkantkrinsane gaar det ogsaa for seg paa sama maaten, daa det no er ~~anta~~ forsamlingshus i dei fleste krinsar, og der det ikkje det er, saa i skulehuset.
88. Som i posten ovanfor fortalt gaar det no føre seg, men det hender enno at gravferdshøgtidelegheita gaar føre seg i heimane, men det ser ut til at det vert meir og meir avlagt. Berré i dei mest avsidesliggende gardar er det enno skikk at alt vedkomande gravferda gaar føre seg i neimen, og det hender av og til ogsaa i meir tettbygde grender, men det gaar meir og meir i den leid at gravtalar og kransepaalegging skjer antan i kyrkja eller i forsamlingshus og sume satade i skulehuset. Er det ein liksom betre mann, ein løbar eller annan framifraa mann, eller det kan elles vere serlegne tilhøver tilstades, t.d. at vedkomande er omkomen ved ei eller anna slags ulykke, saa vert alltid gravferdstalar m.m. haldne i kyrkja. Dette helst av den grunn at mykje folk daa møter fram, saa det ikkje vil vere rom i heimen til alle. Her i heradet er gravstaden no ikkje ved kyrkja, men ca.  $1\frac{1}{2}$  km. fraa kyrkja, men likevel vert kyrkja i mange høver brukt.

#### Sorg.

89. Det var vanleg at medan lik stod paa garden vart det fare varleg fram, og det vart ikkje teke til med arbeid som det fyl staak og sjau med. Det ligg likesom i folk at det maa vere alvor i tunet og paa garden.



90. Før daa likferda med alt som fylgde med henne skulle vere heime paa garden, var det saa mykje arbeid som skulle gjerast i høve likferda at mangt av det vanlege arbeidet maatte innstillast. Men eg veit ikkje om at det var sume arbeid som ikkje maatte gjerast i den tida.
91. Det var i eldre tid vanleg at ein etter dødsfall i heimen ei tid utover stelte seg slik at folk skjona at dei hadde sorg, serleg kvinnene. Men kor lenge dette varde, veit eg ikkje. Det var visst noko individuellt. Eg kan minnes at serleg ymse kvinner brukte "graatmaal", naar dei i tida etter eit dødsfall i slekta eller i heimen tala med nokon, antan det no var om dødsfallet eller om anna, men nokor viss tid kor lenge slikt skulle vare har eg ikkje høyrte om.
92. I syrjetida var og er det vanleg skikk aa bere seg noko meir stillsleg og rolegt enn til vanleg, men at det var eller er noko arbeid som daa apsolutt ikkje maa gjerast, har eg ikkje høyrte noko om.
93. Eg minnes at folk i eldre tid hadde klæde paa seg som minnte om sorg, serleg med helga, paa kyrkjeferd o.l. Karfolket hadde gjerne eit svart silkeplagg samanlagt knytt kring halsen som eit vanleg bind og kvinnene hadde i slike høver gjerne svarte klæder paa seg. Det var og er sjølsagt at serleg tilstasing etter den moden som var, i slike høver ikkje vart brukt, men noko anna enn som nemnt, kan eg ikkje minnes om klædedrakta.
94. Ogsaa for enkjer var det paa same maaten. Det synte seg paa klæda at enkja hadde sorg, for klæda var svarte men om det vart brukt noko anna serskildt merke, veit eg ikkje om.
95. Slike overleveringar, forteljingar eller ordtak kjenner eg ikkje til har vore i bruk eller fortalde.
96. Eg har ikkje høyrte at ein gjennom graat kunne vekkje eit menneskje til live att. ~~ved graat.~~
97. Eg har ikkje høyrte at folk har hatt eller kar gjeve raad for aa lindre sorg ~~etter~~ ein som var død.

Syngje ut liket.

98. Her i bygda har det ikkje vore skikk at gravferda skulle vere paa nokon viss dag i vika.
99. Før vart likferda kalla "gravøl", men det har no gaatt av bruk. No vert det sagt: "gravferd" eller "begravelse".
100. Naar gravferdsfolket var komne til gards vart dei før fyrst sette til bords og fekk seg mat, daa mange var komne kanskje langvegs fraa. Naar alle hadde faatt seg mat, vart stova gjort klar til aa setje liket inn i. Liket vart sett paa to skamlar, loket vart teke av kista, saa anletet aat den døde var synleg. Det vart saa sunge ein salme, einkvan, oftast læraren eller ein annan dertil skikka mann, heldt ein kort andakt, og saa vart det sunge ein salme att, loket vart sett paa og spikra, folk som skulle bere liket ut, gjerne søner og nære slektningar, stillte seg opp ved kista, og det vart saa teke til med ein salme: t.d. den: "Gaa nu hen og grav min grav", liket vart bore ut med føtene føre og bort til den slede eller vogn som skulle brukast



til aa køyre liket til kyrkjegarden paa. Var det god-  
ver, vart gjerne liket sett opp ute paa gardsplassen  
og gravferdshøgtida djekk føre seg der, men til vanleg  
var det i stova det gjekk føre seg.

101. Som før nemnt vart til vanleg loket teke av under denne høgtida.
102. Eg kjenner ikkje til at det vart lagt eit kløde over kista i slike høver.
103. Der vart som oftast sett eit par kjerteljos ved kista, oftast paa eit lite bord ved hovudenden av kista, men det vart ikkje gjort slik alltid.
104. Naar ljøs vart brukt, var det oftast to.
105. Naar kista vart bora ut vart lysa sette tilsides og sløkte.
106. Lysa vart her ikkje borne framfor kista, naar ho vart bora ut, saavitt som eg veit.
107. og 108. Som før nemnt vart lysa slekte og sette tilsides.
109. Det var her ikkje skikken at lysa skulle brenne natta før gravferda, saavitt eg veit.
110. Om vakenatt eller vakestove veit eg saa lite, daa det her no i langsameleg tid ikkje har vore brukt aa vake over liket eller i likstova. Men det er truleg at det i eldre tid vart brukt. Eg har høyrte segn om det, men eg har ikkje faatt greie paa kva dei daa tok seg føre eller korleis dei ordna seg..
111. Kva tid dei slutta med vakenatt har eg ikkje greie paa, men det maa ha vore for over 100 aar sia, saavitt eg skjønna.
112. Det har ikkje vore skikk med graatekoner her i bygda, eg har aldri høyrte segner om det.
113. Liksalmar vart her sungne paa vanleg maate og med vanlege tonar.
114. Før var det ikkje vanleg at presten var med i likferdene. Berre naar likferda var i nærleiken av prestegarden var han med. Men no er det fast skikk at presten er med i alle likferder, og at han held liktalen. Presten fyl ogsaa med til kyrkjegarden og jordfestar den døde paa vanleg vis.
115. Etter den fyrste verdskrigen har det vorte meir og meir skikk at presten er med i alle gravferder.
116. Før den tid presten tok til aa vere med til vanleg i likferder, gjekk det føre seg som er skildra i post 100.
117. Her i bygda har det ikkje vore skikk i det siste hundrad-aaret i allfall aa drikke "velferdsskaal" før liket vart bore ut or huset.
118. Om det har vore skikk aa drikke "velferdsskaal" saa maa det truleg ha vore i øl ein drakk den skaala, daa folk i dei dagar kunne kunsten aa bryggje sterkt øl
119. Vanleg var det søner aat den døde eller næraste slekta. Om der ikkje var nok av slike, saa hjelpte andre, serleg av grannane til. Nokon fast regel var det ikkje.



120. Som nemnt i 119 var det oftast næraste karmannsslektningane som bar liket ut. Men det vart ogsaa gjort av grannar og vener. Nokon fast regel var det ikkje saavitt som eg veit.
121. Det er det same no ogsaa.
122. Liket skulle alltid verte børe ut med fotenden føre og likeeins inn paa kyrkjegarden til grava.
123. Eg har aldri høyrte om at kista skulle verte sett ned ein eller fleire gonger paa dørstokken.
124. Om slike opningar i veggen har eg aldri høyrte om her i bygda. Og eg trur ikkje at slikt har vore vanleg her. Det maa i tilfelle ha vore i utgamle tider.
125. Som før nemnt var det og vert det enno strøtt hakka eine fraa utdøra paa huset og ein mole bort etter vegen.
126. Kista vart ikkje sett ned paa tunet etter at ho var utbora, men straks sett paa vogn eller slede og der gyra fast, om det trongdest, for aa verte havt til kyrkjegarden. Paa vognbotnen eller sledebotnen vart som oftast lagt nokre grøne greiner, oftast av gran eller furu, og om dei ikkje hadde slikt, daa av einagreiner.
127. Nei, eg har ikkje høyrte at berarane fekk nokon serleg skjenk, dram eller krusøl av nokonslag.
128. I mine ungdomsdagar var det ikkje vanleg at kvinner fylgde med til kyrkjegarden, men no er det oftast slik at dei fleste kvinner fyl med. Det kan kanskje kome av at det no vert brukt bilar og bussar til aa køyre baade liket og likfylgjet til gravstaden med. Før kvinner tok til aa fylgje til grava, saa fylgde dei bort til vogna og vidare ein mole bort over vegen og snudde saa tilbake.
129. Før var det ikkje vanleg at alle mannfolk fylgde til grava heller. Det fylgde berre saa mange mann som det trongdest til aa grave grava og faa liket sett ned i grava.
130. Det var ikkje vanleg at kvinner var med til grava før det var vanleg aa ha presten med i gravferda og han jordfeste liket med det same. Det vart ikkje før etter den fyrste heimskrigen, og aalmennt vart det fraa ikring 1930. No er det vanleg at paalag alle (som er med under høgtida i heimen er med til kyrkjegarden. Som før nemnt er det no vanleg aa halde liktale og det som elles fyl med antan i kyrkja eller forsamlingshus, og der er ogsaa alle kvinner med og fyl derfraa til grava.
131. No vert det ikkje sennt innbjuding til slekt, grannar eller vener om at dei maa kome til likferda. Det er no vanleg aa lyse ut i blada at denn og den er død, at vedkomande vert gravlagd fraa den og den stad, kyrkje, samlingshus eller heimen, den og den dag og tid og at alle som vil vere med og fylgje vedkomande til grava er hjarteleg velkomne. Det vanlege no er at noksaa mykje folk møter fram, utan at det vert sagt at om det vert mykje folk tilstades, saa tykkjer folk det er stor ære for den døde, men det vert nok sett paa dette likevel som ei stor ære. Ein har likevel eit inntrykk av at det t.d. ofttaa er sumesfolk som kvar gong møter fram. Det maa vere av nyfikne.



132. Som før nemnt var der og er det skikk aa strø hakka eine fraa utdøra (gangdøra, hovuddøra) og bort etter vegen som likfylgjet skal gaa eller køyre med liket.  
Det vart gjerne ogsaa sett opp eit par grøne tre, bjørk eller av bartre, eit paa kvar side av hovuddøra, likeeins vart det ofttaa strøtt framfor kyrkjeporten, om liktale skulde haldast i kyrkja. Det same om det skulle haldast til i eit forsamlingshus. Denne skikken held seg enno.
133. Nei, det har ikkje her vore skikk aa pynte der gardsvegar støypte til hovudveg. Bilder av pynting som nemnt har eg ikkje no.
134. Det er ikkje vanleg aa heise flag naar nokon er død, korkje ved heimen der dødsfallet er eller andre stadar i bygda. Men gravferdsdagen vert det no oftast heist flag ved syrrhuset og paa halv stang, og likeeins hjaa grannar og slekningar. Dette har kome i bruk noko isenn etter fyrste heims- krig etterkvart folk raadde seg til flag.
135. Som ovanfor nemnt er det grannar, slekt og vener som heisar flag, om dei har flag, gravferdsdagen.
136. Fraa fyrst var det ikkje skikk aa heise flaga til topps etter at høgtida paa kyrkjegarden var slutt, men i seinare tid har det vorte skikk - serleg etter at det har vore skre- ve i blada om dette.
137. Flaget vart heist til topps, naar dei saag og ser folket kom att fraa grava.
138. No vert flaget alltid <sup>heist</sup> til topps etter at jordfestinga er fraaseg gjord og folket gaar fraa kyrkjegarden.
139. Nei det vart ikkje stansa nokonstad medan likfylgjet var undervegs til kyrkje eller kyrkjegard.
140. Eg veit aldri at det har vore vinka eller paa annan maate vart synt likfylgjet merksemnd, medan det var paa veg til kyrkje eller kyrkjegard.
141. Heller ikkje har det vore brukt aa syngje naar likfylgjet for forbi gardane.
142. Heller ikkje har eg høyrst fraasegn om at det vart ropt eller paa nokon maate vart gjeve lyd fraa seg, naar dei drog over ~~ei~~ høgd eller mot ein gard.

Grava.

(143) Før fyrste verdskrigen var det vanleg at grannar av den døde gjekk noko i førevegen og grov opp grava. Dei hadde daa faatt tilvising paa kvar dei skulle grave og korleis grava skulle gravast.

167

Etter fyrste heimskrigen vart det her sett til gravar, men etter ei tid sa han opp, og sia har dei som skulle syte for grav antan leigt nokon for kvart høve eller det har vore gjort som dei gjorde før, nokre av grannane har gaatt iveg og grave grava, gjerne dagen føre gravferds- dagen. Grunnen til at det no har vore vanskeleg aa faa fast gravar er at ingen vil binde seg fast til det ar- beidet som av og til kan verte noko paa tvert for han som har teke det paa seg, daa han no oftast har anna fast arbeid som det kan vere vanskeleg aa gaa fraa.

N.B. Eg ser at eg har teke to blad og bladd om, saa eg har teke til med 167 istadenfor 143.



143. Eg har ikkje hørt om nokon "kvilestein" eller liknande her i sokna. Det kan vere at det for ei 100 aar sia, før ~~da~~ vart bana vegar gjenom bygdene, har vore slike stadar det det var skikk aa kvile, naar dei bar liket, og som dei brukte aa setje liket paa medan dei kvilde.
144. Eg har ikkje hørt noko om at ikkje kista skulle setjast paa marka.
145. Som før nemnt brukte og brukar dei enno aa legge eit lag grøne kvister, oftast av bartregreiner paa vognbotnen.
146. Eg har ikkje hørt at hesten skulle ha nokon viss farge. Men eg minnes ei gravferd fraa mi barndomstid, ikring 1880 daa dei hadde ein kvit (ulsblakk) hest til aa køyre liket med at dei la eit svart klæde over hesteryggen og at dette hang langt ned over sidene paa hesten. Det var daa ein "bedre mann" som vart gravlagd.
147. Noko anna veit <sup>ei</sup> eg om dei hestane som skulle drage likket.
148. Det vart vanleg aa køyre langsamt, naar ein kørde i likfylgje til kyrkjegarden. Det same ~~ett~~ tilfellet ogsaa no, daa det er vanleg aa leige bussar, der baade liket og gravferdsfolket vert kørde. *Ogsaa dei kører langsamt.*
149. Paa heimvegen vart det kørte som vanleg baade før med hestar og no med bil og bussar.
150. Vanleg var det mannen i syrjehuset eller ein av sønene, om det var mannen som var død, eller om det ikkje det var, saa ein av næraste slektingane, farbror eller ein annan.
151. Naar det var brukt hest, gjekk køraren oftast ved sida av vogna. Kor det var naar vegane var lange, har eg mindre greie paa. Det er truleg at køraren daa sat paa likvogna.
152. Det vart ikkje her sunge paa vegen til kyrkje eller kyrkjegard. Han som leida sangen ved grava, daa ikkje prset var med, gjekk eller kørde som alle dei andre.
153. Her i sokna har me ikkje slike stadar ~~der~~ det ikkje kunne brukast nokoslags køyrety. Var det ikkje komande til-lands, som det ei tid var her fraa Flø og fraa Haddal-bygda, saa bar dei liket til sjøss og brukte baat, det det alltid vart brukt, før det vart landsvegar.
154. Eg har ikkje hørt noko om at dei som levde etter den døde tok merke av det eine eller det andre som dei meinte gav bod om kva "skjebne" den døde fekk etter døen. Men det er truleg at dei i enkelte avsides bygder tok seg merke om det baade av det eine og av det andre, men som sagt, eg har ikkje hørt noko om det.
155. Noko om at ein meinte at sume som døydde paa ein serleg maate maatte verte sæle, høyrde eg ikkje nett noko om, men at iallfall sume meinte noko slikt, kan ein kanskje "lese seg til" av ord som: "Ho er vel gøynd", eller: "Han var sæl som flapp no" og liknande.

Paa Kyrkjegarden.

156. Det var oftast dei same som tok kista av vogna ved kyrkjegarden som bar ho ut or heimen. Kista vart med ein gong bora fram til grava og sett ned ved grava saaleis vend som ho skulle staa i grava, med føterne mot aust. Kista stod daa paa marka.



157. Alle reidskap som trongdest ved gravlegginga og attgrav-  
inga av grava var ved kyrkja og vart forvarte der.  
Av kyrkjereknskapen for Ulstein kyrkje for 1825 <sup>de</sup> aa  
sjaa at det daa hørde to "likbaarer" med til det in-  
ventar som var forvara ved kyrkja. I dette hundradaaret  
har eg ikkje sett nokor slik baare ved kyrkja her.
158. Som nemnt ovanfor var det kyrkja som eigde disse.
159. Som nemnt i 156 var det oftast dei same som bar kista  
inn paa kyrkjegarden som bar ho ut av heimen. Nokon viss  
regel har det visst ikkje vore her, men dette har vore  
det vanlege.
160. "Likheste" vart som vanleg sett inn paa stallen ved kyr-  
kja, medan gravlegginga gjekk føre seg. Noko sers vart  
ikkje gjort med han.
161. Som før nemnt var ikkje presten til vanleg med paa kyr-  
kjegarden, naar han ikkje var med i gravferdshøgtida i  
heimen. Den døde vart jordfest oftast ved neste guds-  
teneste ved kyrkja eller naar det elles kunne høve slekt  
og grannar aa møte fram.
162. Kista vart ikkje bora rundt kyrkja, men berre sett ned  
paa ~~gras~~grasvollen, medan dei gjorde grava ferdig og feste  
dei reip paa kista som ho skulle senkast ned i grava etter.
163. Ved vanlege gravleggingar vart ikkje kista <sup>bor</sup>bora inn i  
kyrkja. ~~for~~. Berre om det var nokon "betre" mann eller  
kvinne, møtte presten opp og heldt gravtale i kyrkja og  
jordfeste liket med det same.
164. Det vart ikkje her sunge, medan dei bar kista inn paa  
kyrkjegarden og til grava.
165. Heller ikkje vart kista bora rundt grava, saavitt eg  
veit.
166. Det vart støtt ringt, naar likfylgjet nerma seg kyrkja  
og medan liket vart bore inn paa kyrkjegarden og til  
grava. Det hende at det ogsaa vart ringt, naar grava  
var attgreva og tilsteltt som ho skulle vere, men det  
var ikkje regelen.

### G r a v a.

167. Sjaa paa side 12 nedst, der dette spursmaalet er svara paa.
168. Her har ikkje han som har vore sett til aa grave grav  
som fast gravar noko anna namn enn "gravaren".
169. Om dette er fortalt side 12 nedst.
170. Det har alltid vore folk fraa likfylgjet som har kasta  
grava att, alla dei ~~aa~~ <sup>inne</sup>aa hadde fast gravar. ~~Saa~~  
gjekk folk fraa grava, naar jordfestinga var over, og  
gravaren kasta saa att grava. Sia det ikkje har vore <sup>Da har var fast</sup>  
fast gravar aa faa, har det vore gjort av dei som har <sup>gjddas</sup>  
vore med i likfylgjet.
171. Svar paa dette er gjeve ovanfor.
172. Nokon sers meining anna enn det som laag og ligg i  
sjølve jordfestingsorda, har eg ikkje forstaatt at folk  
la i denne handlinga. Ei minning om at den lekamen som  
no var attgjeven til jorda eingong skulle staa opp att. **13067**  
Dei tok det som ei trøst om eingong aa verte samala att.



173. Naar ikkje presten var med i gravferda, som oftast hende<sup>ly,</sup> vart det sett ned paa kista ein stokk samanslegen av 4 fjøler og som var saa lang at han rakk 1 a 2 fot over gravkanten. Naar saa presten ved neste gudsteneste eller naar det høvde dei som til vara kunne vere tilstades, vart vedkomande jordfest paa vanleg maate, og ved at dei 3 skufle jord vart slept ned gjennom holet i stokken, saa dei datt ned paa kista. Hadde dei ikkje nokon slik innhola stokk, sette dei ned ein firkanta heil stokk som dei daa drog opp før jordfestinga tok til, saa presten fekk kaste jorda ned paa kista. Kring hundradaarsskiftet vart det slutt med slik jordfesting. Fraa den tid vart dei 3 mordskufler kasta ned paa gravhaugen. No er det skikk at presten støtt er med ved alle gravferder som han kan overkomme og jordfestar med det same.
174. Etter at grava er tilkasta og pent tilklappa, vert dei kransar som ikkje fylgde med kista i grava lagde paa gravhaugen. I eldre tid hadde dei med under gravferda eit lass grastorver, pent tilstelte, som dei sette paa skraakant rundt gravhaugen, saa han vart noko opphøgda, paalag 1 fot og stelte det vent oppa, der det vart lagt ein eller to melbærkransar eller kransar av andre grøne vokstrer. Var det folk faa nokolunde nær kyrkjegarden, vart dette gjort ein av næraste dagane stter gravferda.
175. No vert det oftast pynta gravene mot summaren og til ymse høgtider og stemner, daa ein reknar med at mange vil sjaa til gravene. Det vert reinska for ugras og planta eller lagt paa blomar. Eg har ikkje haurt eller sett av det vert brukt ljøs eller joletre paa gravane.

Serlege tilfelle.

176. Eg veit lite korleis sjølvordara vart stelte i heimen, men eg gaar ut fraa at disse vart stelte paalag som andre lik, og at dei vart klødde i paalag liknande likklar som var vanleg.
177. Etter gammalt skulle ikkje lik av sjølvordarar berast gjennom kyrkjeporten, men lyftast over kyrkjegardsmuren ein mole fraa kyrkjeporten. Saavitt eg veit har dei faae slike tilhøver i mi tid vortne borne gjennom kyrkjeporten. Det var nok etter krav fraa soknepresten at den gamle skikken vart slutta.
178. Eg har ikkje høyrte noko om at liksleden skulle verte etterleten nokon stad.
179. Sjølvordargravene skulle vere ved ein ytterkant av kyrkjegarden.
180. Udøpte born og dødfødde born vart smette ned i graver som vart gravne aat folk døde paa naturleg maate. Dei vart oftast tulla inn i noko ty eller liknande og gøymde paa eller ved kyrkjegarden, til ei grav vart greva og daa lagd ned i same grava.
181. Svaret er gjeve ovanfor.

Gravøl.

182. Før sa dei alltid gravøl, men no seier folk helst "begravelse" eller gravferd.
183. Før vart det alltid bedt inn til gravøla. Ein eller annan vart sennt iveg med innbyding, og ein visste kven o<sup>13067</sup> kormange som kom til gravferda.



Det var ikkje nokon fast regel kven som skulle gaa med bod til slekt og grannar og vener. Det var gjerné han som no stod føre huset og garden.

184. Bearlaget var som oftast garden eller grenda. Daa gardane her har vore store og vide og er vortne oppdelte i mange mindre gardar eller bruk gjennom tidene, saa budde det mange folk paa garden eller i grenda. Der det var einbølte gardar, der gjekk bearlaget vanleg til næraste bustadane ogsaa, saa det kunne der vere paalag heile bygda.
- Naar det var brudlaup vart støtt same bearlaget bedt, men daa kunne det ogsaa strekkje seg til næraste gardarne ogsaa, serleg om dei som vara til brudlaupshuset hadde hatt eitt eller anna hopehavande med andre enn dei i bearlaget. Tilstellinga var t.d. ved brudlaup noko større enn ved gravøl.
185. Som nemnt har her ikkje vore nokon viss bearmann, og eg har ikkje hørt at han eller ho som gjekk med "gravølsbod" som det heitte, skulle vere noko serskildt klædt. Men eg budde nokre aar i Sjaak, og der var det brukt serskild bear. Han hadde reglementert stav, kom inn, helsa paa folk stødde seg paa staven og sa: "Eg sku helse fraa han Sevald Forberje og fraa ho Eline og be'e dykk kome og fylgje ho Rønnaug til grava otte daagaa i dag". Dermed snudde han seg sa farvel og gjekk vidare.
- Slikt noko har me ikkje hatt her.
186. Her hadde dei som gjekk med bod ingen serleg "opptreden".
187. Sjaa svar paa 185.
188. Var det noko lang veg den som gjekk med gravølsbod hadde aa gaa, vart han nok beverta, var det kort gav han seg gjerne ikkje tid til det.
189. Det har ikkje vore skikk her aa sende bearbrev.
190. Her varde gravølet oftast berre ein dag for grannar og nære slektningar. Var det folk lengere vekk fraa som hadde vanskeleg for aa kome seg heimatt etter at folket hadde faatt kveldsmat, saa vart dei verande til neste dag og reiste daa, naar dei hadde faatt seg mat.
191. Det vanlege var at folk vart bedde til bords med det same dei kom om føremiddagen. Det var daa løfse og kake og slik mat med kaffi til, naar slik var vorten skikk. Før hadde det truleg vore øl eller mjølk eller eit kvart anna til aa "reke maten ned med".
- Etter maten, og alle hadde faatt mat, vart det saa teke til med sjølve likferdshøgtida, og dei for med liket til kyrkjegarde og utretta det dei skulle der.
- Naar saa folket kom heimatt fraa kyrkjegarden vart det middag paa heile laget. Det var daa gjernast antan fersk fisk eller kjøtmat.
- Saa vart folket gangande og pratande utover kvelden, til dei fekk kveldsmat. Dei som var fraa næraste grendene bad farvel og for heim, medan dei som hadde langt heim fekk sengerom antan i sjølve gravøls garden, sa langt det rakk, ~~eller~~ <sup>eller</sup> paa grannegardane til neste dag, daa ogsaa dei for heim att.
192. Eg har ikkje hørt om at det var noko slags mat som det ikkje maatte nyttast i gravøl.



193. Nokon forskjjel paa matsalga eller matmengda om det var gifte eller ugifte som vart gravlagde har eg ikkje vorte vis med. Det kan nokk vere at det ikkje vart bedt sa daa mange saman, naar det var unge og ugifte, for det var naa likesom noko for seg sjøl, naa mannen sjalv eller kona paa garden var den som var døde. Det vart da daa gjort likesom meir av det, og der var daa gjerne mange baade av slekt og kjenningar som maatte vere med.
194. Gravferdsdagen skulle til vanleg dei som hørde huset til og næraste slekta vere fri det meste av staaket. Det vart gjerne leigd ei bevande kokke som visste kva som skulle gjerast og kva som skulle til, likesom det vart sett ein kar til aa ordne med folket og med kva som skulle gjerast. Han var som ein kjøkmeistar. Men husetsfolk hadde dagane før ordna ~~saa~~ alt var greitt.
195. Eg trur ikkje at alt arbeid vart stogga i grenda, om da sjølvfolket var i gravferd. Tenarar og heimeverande born, om dei daa ikkje var med i gravferda, hadde sjølv sagt eitt eller anna arbeid føre seg.
196. I eldre tider hadde dei "føring" med, men det er longe avlagt. Den tid dei hadde føring med, vart ho vel oftast sennt dagen føreaat, medan dei som kom meir lang-veges fraa hadde "føringa" med, daa dei kom sjølve.
197. Saavitt eg Veit, var det ikkje nokon viss som vart send med "føringa", og det vart visst heller ikkje gjort saasers mykje krus for den som føreaat kom med henne. Folk var her før ikkje saa serleg formellt anlagde, saa slike ytre former var ikkje serleg paaakta.
198. Eg har ikkje høyrte at der vart gjort noko serleg ved eller for den som gjekk med "føringa". Men truleg vart det gjeve vedkomande mat, saa ein maatte til bords, og saa vart det sjølv sagt takka og bedt om at vedkomande maatte bere takka attende til dei som gav ho ut.
199. Eg har ikkje høyrte at sendinga skulle vere pynta paa ein seregen maate. Dei hadde i kvar heim ei korg som dei kalla "sendingskorga", ei stor vid korg, rund med ein laag trøsk ca 10 a 12 cm. høg og med ein kylp eller med ein berebøyel som dei støtt brukte til aa bere sendingane i. *Sendingaskorga var ca. 60 cm. i tverrmål.* Var det til brudlaup sendinga var send, saa veit eg at sendingaskorga vart verande i brudlaupsgarden, til brudlaupet var over, og at det saa vart "lagt i korga" d.v.s. det vart lagt i ho noko lite av paalag all mat som dei hadde brukt i brudlaupet med undantak av koktemat, og at det var ei stor ære aa faa "mykje i korga". Men eg kan ikkje minnes at det vart gjort slik ved gravferder.
200. Nei eg kan ikkje seie at eg har høyrte om heile og halve sendingar.
201. Den fyrste endringa av dei eldre skikker var vel at kveldsmaten var sløyfa, saa kvar gjekk til seg og sitt, naar dei hadde faatt mat etter at folket kom att fraa kyrkjegarden. Noko i senn ut gjennom dette hundrad-aaret, og serleg under og etter fyrste heimskrigen, vart det skikk aa sløyfe ogsaa mat føre høgtida i heimen. Men sis det vart vanleg aa lyse ut i avisene at



gravferda skulle vere den og den dagen og at dei var velkomne alle som ville fylgje den døde til grava og gravferdshøgtida, vart oftast hadd i kyrkja eller i eit forsamlingshus, daa vart det vanleg at det vart gjort kjennt, oftast med det same ein var ferdig til aa bere liket ut av kyrkje eller forsamlingshus, at likfylgjet vart bedd om etter jordfestinga aa kome til t.d. matsalen i forsamlingshuset eller ein annan stad for aa faa mat. Det var daa leigd ei eller kanskje to som saa hadde ställt kaffi og paasmurde smørebrød i rikeleg mengd der. Gravferdsfolket gjekk saa dit og gaar framleis ~~ai~~ og der faar seg mat, takkar for seg og kvar gaar saa heimatt. Det ville vere vanskeleg aa beverte saa mykje folk i heimane som det no plar vere med. I kjøkenet paa forsamlingshuset er der nokk koppar og kar og i matsalen er rikeleg med bord og benkjer, saa alt gaar der greitt føre seg, og ein slepp aa rote med alt som til skal i heimen, der ein har hatt saa nok med det som der elles skal gjerast.

Ein maa sjølsagt betale noko for laanet av kjøkenet koppar og kar og matsalen, men dette vert med glede betalt for aa sleppe alt bryderiet i heimen, og gjestane tykkjer ogsaa vel om denne ordninga.

202. Det er noko lenge sidan at det vart slutta aa bryggje øl heime til gravferder. Men det var ei tid utover sist i forrige hundradaaret at det var skikk aa faa i ei eller eit par flasker brennevin til sume gravferder og helst i visse luter av bygda, men det kvorv noksaa snart vett, saa i dette hundradaaret har det ikkje vore skjenkt rusdrikk i gravferder, saavitt eg veit.
203. Nei eg trur at dei gamle skikkene heldt seg lengst ved brudlaupa.
204. No er det mykje brukt aa sende krans, kanskje ogsaa for mykje brukt. Men eg har ikkje inntrykk av at det aa sende eller bere med seg krans er for aa erstatte dei gamle sendingane. Skikken med krans er helst komen fraa byane og likeeins dette at det apsolutt maa talast eingrand ved kvar kransepaalegging, talar som oftaa kan verke noksaa taktlause og lite høvelege.
205. Noko nemnande skikk aa sende kransar vart det ikkje før etter fyrste heimskrigen.
206. Fraa fyrst vart nok kransane laga heime av melbærlyng, kraakefot, lyng, grankvister o.l. og ibunde ymse blommar fraa potteblomar ein hadde heime. Men snart vart det slik at ei eller anna kona som saag forretning i aa skaffe kransar, lærde seg aa binde "bykransar", fekk heim materiale fraa forretningar i byen og saa batt kransar paa bestilling. No er det berre slike som er aa faa.
207. Det er enno som oftast berre dei næraste som tingar kransar med silkeband og med ymse innskrift paa og kven dei er fraa, medan dei fleste er utan silkeband og vert lagde paa baara av vedkomande givar eller ein han har faatt til det med helsing og takk, om det daa ikkje vert ei heil preike av religiøst innhald.
208. Naar ein er ferdig i kyrkje, forsamlingshus eller heim vert oftast alle kransar som kan faa rom paa kista, den eine ovanpaa den andre, og bundne faste med traad, til ein er kome paa gravstaden. Daa vert det av dei tilvarande tekne av kista anna dei som dei vil skal fylgj



kista i grava. Det er som oftast den eller dei kransar som slekta har lagt paa baara *Som fyl i grava.*

Dei andre kransane vert lagde tilsides, til grava er attkasta og ställt, og daa vert disse lagde paa den tilstelte grava.

209. Kransane vert liggande paa grava, til dei er visna, og dei vert daa hadde vekk, gjerne lagde i ein haug paa ein avsides stad paa kyrkjegarden og saa i si tid brende, naar kyrkjegarden, serleg vaarane etter vinterdvalen, vert reinska og ställt.
210. No er bevertningen for det meste slik som er skildra i punkt 101. Det vert aldri nytt alkohol ved gravferder no her i sokna.
211. Om bevertninga no sjaa ogsaa punkt 101. Det vert ikkje brukt "middag" her i sokna ved begravelser.
212. Saavitt eg minnes, var det etter fyrste heimskrig at det av og til vart teke til med aa lyse ut i blada om dødsfall, men fast skikk vart det nok ikkje før etter 1930 og utover, og etter siste heimskrigen har det vore heilt aalmennt, baade med aa lyse ut dødsfallet og med aa bede om at dei som vil fylgje vedkomande til grava er hjartans velkomne.

-----00000000-----

Ulsteinvik den 1/3 1957.

Vyrðsamt

*Gunnar B. Osney*